

Til samarbeidspartar i Helsehusprosjektet i Nordhordland

Kommunane i Region Nordhordland  
Helse Bergen HF  
Haraldsplass Diakonale Sjukehus  
Hordaland Fylkeskommune v/Fylkestannlegen

### **Statusmelding for prosjekt Region Nordhordland Helsehus – mars 2015.**

Ved utgangen av 2013 hadde kommunestyra i dei 9 samarbeidskommunane handsama sak om vidare arbeid med Helsehusprosjektet, og alle kommunane slutta seg til;

- at ein byggjer eit Region- og helsehus på om lag 8000 m<sup>2</sup> i Knarvik, men at endeleg storleik vert avklara i den vidare prosessen.
- at Region- og helsehuset er offentleg eigd, og at bygget vert oppført og drifta av eit interkommunalt selskap (IKS).
- at IKS byggjer Region- og helsehuset på tomta ved rådhuset i Lindås kommune, alternativ 12 i rapport frå NUI (T13 i områdeplan). Dersom denne tomta ikkje kan nyttast får NUI i oppdrag å gå vidare med andre tilrådde alternativ.
- at det vert lagt som prinsipp at husleiga dekkjer kapitalkostnadane og kostnadane med drift og vedlikehald av bygget.
- at NUI arbeidar etter framlagt plan for vidare prosjekt - og detaljplanlegging.

Lindås kommune gjorde som grunneigar for tilrådde tomtealternativ eige vedtak for tredje punkt i saka; *Lindås kommune har som grunneigar, gjort ei grundig vurdert av tomt T13 (alternativ 12 i rapport frå NUI). På grunn av krevjande plankrav når det gjeld parkeringsløysingar, infrastruktur og framtidige utbyggingar i området, vil ikkje Lindås kommune frigjere tomta til eit Region- og helsehus. ()....*

Nordhordland utviklingsselskap IKS har i 2014 arbeid etter vedtatt plan for prosjekt- og detaljplanlegging.

#### **Status for gjennomførte tiltak i 2014:**

- Selskapsavtale for etablering av Region Nordhordland Helsehus IKS er inngått. Avtalen har vore til politisk handsaming og er godkjent i alle ni samarbeidskommunar.
- Gjennomført felles orienteringsmøte med alle interessentar(leigetakarar).
- Gjennomført sonderingsmøte med Kommunalbanken og Husbanken.
- Starta prosess med leigetakarane i bygget for å avklare arealbehov, rom- og funksjonsprogram, samarbeid og mulige synergjar
- Starta arbeid for å vurdere mulige løysingar for samarbeid, utvikling av tenester og synergjar
- Inngått avtale med Statens vegvesen om kjøp av tomt
- Sweco AS vart engasjert til Prosjektleiing (PL) 2. desember 2014
- Region Nordhordland Helsehus IKS vart stifta 12. desember 2014
- Representantskapsmøte for Region Nordhordland Helsehus IKS vart gjennomført. Jon Askeland vart valt til leiar, og Kari Aakre til nestleiar.
- Representantskapet valte styre. Håkon Matre, Torbjørn Nævdal og Anne-Grete Strøm-Erichsen vart valt til styremedlem for 2015-2016. Steinar Hunskaar og Rita Tveiten vart valt til varamedlemmer til

styret for 2015-2016. Håkon Matre vart valt leiar i styret. Anne-Grete Strøm-Erichsen vart valt til nestleiar i styret. Vararepresentantar til styret møter fast.

- Representantskapet godkjente budsjett for 2015 og økonomiplan for 2016-2018
- Konkurransgrunnlag for låneopptak vart lagt ut på DOFFIN 23. desember.

#### **Pr. 31. januar 2015:**

- Prosjektorganisasjon er etablert. Fyrste møte i styringsgruppa og prosjektgruppa er gjennomført.
- Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS hadde sitt første møte 26. januar
- Kommunalbanken vann konkurranse om lån
- Anbud for arkitekt er lagt ut på DOFFIN
- Ressurs med prosess og utviklingskompetanse er engasjert for å sikra gode prosessar med samutvikling av tenester, synergjar og samarbeid på tvers av nivå og tenesteområder.

#### **Førebels tidsplan for byggjeprojektet:**

- ✓ Mars 2015: Utlysa anbud DOFFIN rådgjevande ingeniørar (RI)
- ✓ April 2015: Anbudsfrist ARK
- ✓ April/mai 2015: Evaluering og kontrahering av ark
- ✓ April 2015: Anbudsfrist RI
- ✓ Mai 2015: Evaluering og kontrahering av RI
- ✓ Juni 2015: Diverse brukarmøte er gjennomført fyrste halvår med tanke på prosjektering.
- ✓ November 2015: Rammesøknad godkjent i Lindås kommune)
- ✓ November 2015: Prosjektering ferdig
- ✓ November.2015: Utsending anbud totalentreprise (TE) bygg
- ✓ Januar 2016: Ferdig rydda tomt (riving m.v.)
- ✓ Januar 2016: Anbudsfrist TE
- ✓ Mars 2016: Evaluering og kontrahering av TE
- ✓ April 2016: Beslutning om oppstart
- ✓ Mai 2016: Oppstart byggeplass
- ✓ Februar 2018: Bygg ferdig
- ✓ April 2018: Testing / byggherreleveranser
- ✓ September 2018: Sluttføring utomhus

Utfyllande informasjon og utgreiingar som ligg til grunn for gjennomføring av projektet er å finna på;

[http://www.nordhordland.net/?page\\_id=4466](http://www.nordhordland.net/?page_id=4466)